



Ingvar Havnen fortalde levande frå internasjonalt arbeid med fredsforhandlingar, som ambassadør, pressetalsmann og skøytekommentator.

Sist laurdag fekk 100 gjester vera med på ein tradisjonell haustfest i eit frilynd ungdomslag med kor, korps, tale, Daltrekk, sceneinnslag og matøkt i kjellaren. I tidlegare, Ingvar Havnen, sin tale fekk alle høyra frå livet hans frå internasjonalt arbeid med fredsmeklingar, delelineforhandlingar i Baretshavet og statsbesøk. Alt i studietida hans var han tilsett i sportsredaksjonen i NRK og mange vil hugsa han som skøytekommentator saman med Knut Bjørnsen i tida etter Per Jorset.

Ingvar Havnen har vore ein ivrig forkjempar for meir bruk av nynorsk, både i NRK og i statsforvaltninga, ikkje minst som pressetalsmann. UD fekk faktisk Målténarprisen i Åse Kleveland si ministertid. Heile 300 pressemeldingar gjekk ut på nynorsk. Ei eiga Stortingsmelding vart skriven på nynorsk.

I 1992 vart Ingvar Havnen og familien hans kalla heim frå USA. Det var utanriksminister Torvald Stoltenberg, som ville ha Havnen i sin stab. Han har tenestegjort under fem statsrådar og vore med på viktige fredsforhandlingar, mellom anna i Kosovo og Midt Austen. Møte i St. Petersburg med Putin i forhandlingane Jens Stoltenberg hadde om Nordområda, er også noko som vert hugsa.

I 1999 søkte han og vart ambassadør i Canada, eit stort land med nære relasjonar til Noreg. Meir enn 300 000 innbyggjarar med avstamning frå Noreg bur i Canada i dag. Møte med urfolket inuitane i Jøhamn, plassen der Roald Amundsen overvintra to vintrar med polarskuta Jøa, vart ei sterk oppleving. Eit statsbesøk i 2003 med Kongen og Dronninga var spesielt, også fordi han skreiv mange av talane som vart sagt fram.

Etter nokre år på Statsministeren sitt kontor avslutta Ingvar Havnen sin yrkeskarriere som ambassadør i Danmark. Han hadde mellom anna ansvaret for Dronning Margrethe sitt besøk i Rosendal i 2012 der det også vart markert at Baroniet var 350 år.

Ingvar Havnen er pensjonist i dag, men har framleis oppdrag for statsforvaltninga. No gjeld det arbeidet med å styrka det nordiske samarbeidet på alle område i samfunnet.

Meir frå haustfesten kjem i eige innlegg.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Morten Nygård - Grenda